



## Notat

Dato: 16.01.2015  
Arkivsak: 2015/606-1  
Saksbehandlar: elsaaro1

---

<b>Til:</b>	Samferdselsutvalet, Opplæring- og helseutvalet, Kultur- og ressursutvalet
<b>Frå:</b>	Fylkesrådmannen

---

### **Orientering om ny standard for nordisk folkehelsearbeid - Trondheimserklæringa**

På den 11. nordiske folkehelsekonferansen i Trondheim den 26. – 29. august 2014 blei det av dei rundt 750 deltakerane ved konferansen, utarbeidd ein ny standard for nordisk folkehelsearbeid, Trondheimserklæringa. Målet med Trondheimserklæringa er å definere retninga og setje standard for å styrke folkehelsearbeidet i dei nordiske landa. Deltakerane på konferansen har også forplikta seg til å bidra til å redusere helseskilnader globalt. Gjennom erklæringa vert sosial ulikskap i helse løfta fram som ei hovudutfordring i folkehelsearbeidet. Erklæringa sler også fast at rettferdig fordeling av helse og trivsel er eit politisk val. Ressursar og muligheiter må fordelast slik at menneska kan forme sine liv ut frå eigne ønskjer og ambisjonar for seg og samfunnet.

**Erklæringa understrekar behov for innsats på desse områda:**

- **Innsats mot grunnleggjande årsaker til helse og trivsel**
- **Bredt kunnskapstilfang og erfaring**
- **Styring i samspill og reell gjennomføringsvilje**
- **Sosialt berekraftige lokalsamfunn og helsefremjande nærmiljøutvikling**

Vedlegg: Link til Trondheimserklæringa :

<http://helsedirektoratet.no/Om/nyheter/Sider/trondheimserklæringen--ny-standard-for-nordisk-folkehelsearbeid.aspx>